

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JANUAR 2003.

ÅRGANG 38

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: John Stennes

Visepres.: Elisabeth Sundgot

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Johs. J. Hareide

Styremedlem: Ingar Bigset

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Arne Lillebø

Fødselsdager i februar:

Jan Håvard Nytun 16.02

Sigurd Lynge Bigset 21.02

Ivar Grimstad 25.02

100%frammøte i januar:

Ingar Bigset, Sigurd Lynge Bigseth,
Hallkjell Dahle, Johs J.Hareide, Åge
Nytun, John Stennes, Elisabeth
Sundgot, Karl Johan Brandal, Arne
G.Grimstad, Otto Holstad, Jale
Klungsøy, Trygve Rise, Elias Sellevoll,
Egil Utgård.

Frammøteporsent: 67,8%

Lyspæreloven:

*"Det er bare ei lyspære som kan stå på hele
natta og være like klar dagen etter."*

Per H. Kotte

DEN NYE DAG:

*Den nye dag har intet ansikt ennå.
Hyllet i en stjernekappe
komme den susende mot jorden.
Så kaster den kappen og står skjønn og
naken
med hendene fulle av solen.
Mellom sine fingerspisser
lar den timene dryppa fra evigheten.
Den vasker fjellene med sitt blendende smil
og på sine hvite skuldrer bærer den
tusen ukjente sorger.*

Inger Hagerup.

Møte 6. Januar-03.

Presidenten opna møtet og ønska alle eit Godt Nytt År.

Formannen i programkomiteen (Per Kleppe) vart beden om å utarbeide program for dei to neste månadane slik at medlemmane får vite kva som skal skje på møta framover.

Kleppe informerte om at dette var godt i gang og at det vil verte klart til neste møte.

Arne Lillebø orienterte om ein forretningstur til USA (New Orleans) der Libra deltok på ei messe, samt hadde konsultasjonar med tanke på å etablere agent for Gulfområdet. Turen baud på værmessige komplikasjonar og forseinkingar (begge vegar), men motakelsen på messa og møte med mulig agent var positivt og gav resultat. Det vart avtalt at agenten skulle arbeide for Libra i ei prøveperiode, og Libra på si side skal no starte med ”heimeleksa si”, som m.a. går ut på :

- Søkje Amerikanske (typegodkjenningar)
- Gjere om mm mål til Inches
- Gjere om kg til lbs
- Gjere prisane om NOK/Euro til USD
- Sende brosjyrer, informere om web side : www.libra.no etc. etc.

Møte 13. Januar-03.

Einar Holm stod for programmet denne kvelden.

Han hadde fått overlevert ein protokoll frå 1895, som hadde tilhøyrd Hareid Diskusjonsforening, og som tilfeldig hadde blitt funnen ved ei loftsrydding. Holm tok oss med gjennom referata av forskjellige emne som denne klubben hadde teke opp til drøfting.

Klubben vart skipa på Hareid Bedehus 27.12.1895, etter nøyte formulerte vedtekter, og det første styret var :

Formann	:	A.C. Riise (1862)
Nestformann	:	Hans Kaldhol (1872)
Referenter	:	Ole J. Teigene (1846), Arne I. Grimstad og Knut Nebbestad
Kasserer	:	Knut Bigseth (1863)
Revisor	:	Martinius Bigset (1880) og Petrus Bigset (1881)

Det som ein skal legge merke til er at der var stor aldersforskjell mellom medlemane, og at Revisorane berre er 14-15 år.

Det kan sjå ut som om dei eldste bevist tok med seg yngre krefter for å skulere disse, eller kanskje var desse dei dyktigaste, kven veit?

Det var eit breitt spekter av emner som vart teke opp til debatt, og eg kan nemne :

- Korleis skulle ein helse
- Skikk og bruk
- Språk
- Tobakk
- Kameratskap
- Bryllaup skikkar
- Juleskikkar
- Sladder
- Nattfrieri og Nattløperi

Etter referata merkar ein seg at damene også etter kvart kom med i diskusjonane, og at dei Som var med i denne klubben etter kvart vart med i det som rørte seg i bygda.

Namn som Gullik Grimstad, Arne I. Grimstad, Lars Hareide, Andreas Bigset, Ole Brubak og Arndr. Riise ; og mellom damene Bette Hovden/Brekke, Betty Hovlid og Dina Teigene var uten om styret, aktivt med.

Eit interessant foredrag frå ei tid utan TV., og der dei som ville vere med å styre i Kommunen eller i lagslivet tok del for å skulere seg til slikt arbeid.

Møte 20. Januar-03.

Presidenten ønska velkommen og møtet var opna med songen ” Kjerringa med staven”.

To personar deltok frå teknisk etat og Tormod H. Engen orienterte om prosessen som var i gang med rullering av kommuneplanen.

§ 20.-1 Kommuneplanlegging.

”Kommunen skal utføre løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine områder”.

Dette vert delt i ein ”Langsiktig del” som gjeld ; Samfunnsdel og Arealdel i et 12 års perspektiv.

Den andre delen er ein ”Kortsiktig del” som gjeld ; Handlingsprogram, Økonomiplan i et 4 års perspektiv.

Målsettinga til Tormod H.Engen er at denne rulleringa , i staden for 4 års rullering, skal verte en del av kommunen sin kontinuerlige prosess, dette for å følge med tida og at planen ikke skal verte ”gammeldags”.

Korleis vil vi ha samfunnet vårt dei neste 12 åra ?

Det vert gjort framlegg fra Kommunen om å stase på m.a. :

- Barn og Unge.
- Menneska, møteplassane og dei sosiale nettverka
- Nærings – Utvikling
- Miljø

Arealdelen er den mest konkrete.

Arealene skal vise bruk/- og værn av areal.

Særskilde utfordringar i areal planen :

1. Bustadutvikling
2. Næringsutvikling (industri)
3. Sentrumsutvikling
4. Fritidsbustader
5. Sjøareala og kystsona

Hareid Kommune er 83 km² stor.

I den rulleringa som no er på gang, vert også sjø-areala innlemma som en del av planen (dette er nytt).

Det vert lagt opp til offentleg ettersyn til våren i år.

1). Bustad.

Det vert reist mellom 20 og 50 bustader i Hareid Kommune kvart år.

Målsettinga er at kvar krins til ei kvar tid skal ha tilgjengelege tomter/bustader.

Det vert foreslått 10 nye tomter på Holstad.

I Vadbakkane vert det også lagt ut eit lite tomteareal.

Forslag :

Plassane er ferdig regulert, men ikke opparbeidet. Traseen til høgspentlinja vil bli avgjerande for interessa for desse tomtene.

Ei lita utviding vestover på Bigset Vest (ca. 20 bustader) blir tatt med i planen.

Beholdt et areal for utbygging på Røyset (det same som har vore der frå forrige plan).

Pålhaugane er utlagt til boligar.

2). Næring.

Næringsareala som vi har igjen i Hareid Kommune er mest egna for små og mellomstore bedrifter.

Vi har lite ferdige industritoromter.

Vi bør ha tilgjengelige industritoromter både innanlands og ved sjø. Det er ”sløsing” med sjøareal at industri som ikkje har behov for det får tildelt industritoromter med sjø tilkomst !

Det kom innspel om å legge ut Hareidsmyrane til industriføremål.

Møte 27. Januar-03.

Presidenten ønskete velkommen og møtet var opna med songen ” Handi hans far min”.

Presidenten orienterte om kronerulling som var satt i gang av Rotary og som hadde som formål å samle inn kr.45.000.- til ei skikkelig sklie til den ny-renoverte symjehallen I Hareid. Liste vart sendt rundt.

Ellers var det siste møtet i måneden ”programfritt” noko som i praksis betyr ; kake, kaffe og ordet fritt (diskusjon rundt borda).